




Rom for alle



Me ville bygge ei kyrkje med plass for alle.

Og så gjorde me det.

Prosjekt- og byggjeleiar Njaal Fykse har leia eit engasjerande og banebrytande arbeid som mange kan lære mykje av. Arkitektkontoret Signatur og menigheita ved Asbjørn Ueland (til høgre) arbeidde parallelt med mogleighetsstudiar som ga tydelege føringar for den universelle utforminga og dei gode løysingane som vart skapte. Studiane tok utgangspunkt i rettleiaren "Bygg for alle".



■ *Det høyrest så sjølv sagt og lett vint ut når me seier det på den måten. Men eit tydeleg mål, ei open haldning og mange flinke fagfolk gjorde at me nådde målet om ei universelt utforma, vakker og funksjonell kyrkje. Ei kyrkje for alle. I denne brosjyra har Husbanken, Klepp og Time kommune samla erfaringane frå politisk vedtak til ferdig bygg.*

Me hadde ein visjon. Og den ville me vera tru mot. Med tida skulle den bli stilt på ei hard prøve. Eller utfordring, for å seia det på den måten. Og den kom brått. Me hadde alt fått den første bunka med teikningar frå arkitekten, då det framsynte lokalpolitiske vedtaket om universell utforming kom. Ingen av oss hadde nokon gong høyrte uttrykket før. Men nå sto det der altså, i ein artikkel i Teknisk Ukeblad der Byggeteknisk Etat viste til ei rettleiing. Her kunne me lesa at prosessen med universell utforming var i full gong i samfunnet generelt. Regjeringa hadde utforma ein handlingsplan med siktemål om å betra tilgjenge for alle, og då med særleg fokus på personar med nedsett funksjonsevne. Dette inkluderte funksjonsnedsettingar knytte til syn, hørsel, rørsle, forståing og kjenslevare for miljøpåverknad (astma/allergi). I løpet av nokre år ville det vera krav om at alle offentlege bygg skulle vera i samsvar med desse prinsippa.

På ein måte vart desse føringane med på å forsterka visjonen vår. Dei skapte ambisjonar om å utvikla eit mønsterprosjekt. Teikningane vart endra. Me måtte tenkja heilt nytt, gå endå meir detaljert til verks, ta nye grep. Det utløyste både frustrasjon og atskillig debatt. Oppi det heile var det vanskeleg å finna røynd hjelp frå det offentlege. Til og med støtteordningane glimra med sitt fråver.

Men nå er det slik at arkitektur er kompromissa si kunst. Den involverer alt og alle. Mogleighetsstudiane og arkitektane si bevisste haldning til eit heilheitleg uttrykk i bygget, fekk oss til å sjå på utfordringane som ei kjelde til nye, spanande og heilt unike løysingar. Saman med dei ulike handikapforbunda, kunstnarar, eit breitt register av fagfolk og ei sterk dugnadsånd, fekk me utretta mirakel.

Nå står ho her, kyrkja vår. Den fyrste kyrkja i Noreg med universell utforming og som er bygd av to kommunar saman. Dette er vår historie. I ord og bilete. Vårt vesle livsverk. Me vonar det kan vera til inspirasjon og glede når me ynskjer deg velkomen inn.

Her er rom for alle.

“

Kyrkja skal byggjast i tråd med prinsippa om universell utforming. Folk skal kunna gå altergang, døypa barn, gifta og konfirmera seg, jamvel om dei er orienterings- eller bevegelseshemma, og det utan særlege tiltak for dei.

Vedtak i Time kommunestyre 21/6-2005

Universell utforming vart leielinja vår. Ein hemsko meinte mange.


I staden vart det ei openberring.

■ Frøyland og Orstad kyrkje har alt sett spor. Sjølv med sine katedralske dimensjonar glir ho vakkert inn i landskapet. Takforma er enkel og avklåra, og er ei nytolking av den jærské tradisjonen. Det lågmælte kombinert med formal styrke, som arkitekten ville ha sagt det. For oss er det like mykje budskapen om det velsigna enkle som kjem til uttrykk. Her er det lett å koma til, enkelt å finna fram. Du ser og føler det på lang avstand.

Nå er ikkje universell utforming ei spesiell stilretning i arkitekturen. Den kan ikkje identifiserast slik, og det er heller ikkje meininga. Universell utforming er ein måte å tenkja på i designprosessen. Målet er å koma fram til løysingar som både ser flotte ut og samstundes er behaglege å bruka. Og ho skal imøtekoma alle brukarar, utan behov for ytterlegare tilpassing.

I kyrkja vår er det dei kunstnariske elementa som er berande i den universelle utforminga. Det er dei som leiar vegen, formidlar opplevingane og samveret. Det er dei som avgrensar farane og gjev brukaren den informasjonen han treng for å føla seg trygg, med rekkevidde og mobilitet.

Me er stolte av det me har fått til. Men det har vore ein krevjande prosess. Universell utforming var tema på alle byggjemøta i starten, og prosjektleiaren hadde ein stor jobb med å få alle til å skjønna at universell utforming var noko meir enn tilgjenge for rullestolar. Når så mange aktørar er inne i biletet, ligg den største utfordringa i det å få alle til å tenkja likt. Det er først når kvar minste detalj er samstemt og finslipt at me kan snakka om gjennomført design. Det har me klart. Kyrkja er blitt ei openberring. Ikkje på tross av, men på grunn av den universelle utforminga.



■ DEI BESTE LØYSNINGANE

er ikkje alltid at alle får alt det dei ynskjer. Våre erfaringar kan vera gode råd til andre som skal byggja med universell utforming. Kommunane Time og Klepp si ressursgruppe for universell utforming har hatt ei samla vurdering av Frøyland og Orstad kyrkje. Representantar for rørslehemma, hørselshemma, synshemma, astmatikarar og allergikarar gjekk gjennom kyrkja og drøfta dei ulike løysingane.

Den grunnleggjande ideen med at alle skal kunna ta del i alt er stort sett gjennomført så langt det let seg gjera. Men ulike behov skaper òg konflikhtar. Til dømes er det glatte, harde golvet i kyrkjesalen lett å halda reint, noko allergikarar set høgt. På den andre sida kan lyden av eit hardt golv plaga hørselshemma, og det er farlegare å gå på.

Stolane i kyrkja er i samsvarar med krava frå allergikarar.

At det ikkje ligg leidningar som hindrar reingjering langs golva er òg bra.

Du kan godt sitja på bakerste rad.

Du er like fullt midt i det.

■ Kyrkerommet er svært og høgreist, med den tolv meter høge altertavla som eit sterkt sakralt element. Like fullt er det avdempa og intimt. Og det på trass av at korpartiet nærast er fritt for utsmykkingar og installasjonar. Alt det nødvendige utstyret er plassert i golvet, bortsett frå flygelet då. Til og med preikestolen kan fjernast om det er påkrevd. Dette opnar for eit vell av moglegheiter for framføring av større musikalar, dans og andre opptrinn der ein treng stor plass.

Slåande reint, er omkvedet. Du er ikkje i tvil om kor ting skjer og kor du skal halda fokus. Samstundes kan du kjenna at rommet har ei heilt særeigen nerve. Du har kontakt med det som går for seg der framme ved koret. Du er nærare, meir til stades. Når du sit i det lett skrånande kyrkerommet, er det nesten som å vera i ein teatersal. Nærleik framfor distanse. Det nedseinka amfiet har vist seg å vera eit framifrå grep på mange måtar. Arkitekten sin tanke var at romet skulle vera eit samlande landskap. Mellom anna er det integrerte rampar med kvilerepos på ulike stader, slik at rullestolbrukarane kan velja kor dei vil sitja. Tilkomsten er lett, også til det omkransande hovudnivået. Dermed har ein tilgang til alt, både til koret og til døypefonten som ligg nedst i amfiet.



■ FOR RULLESTOLBRUKARAR

er det ein fordel at dei kan sitja alle stader i kyrkesalen, både slik at dei kan sitja med kven dei vil, og sleppa å vera på stader der dei ofte føler seg på utstilling.

Det er bra med varmekablar i gangbrua inn til kyrkja, og uteområdet har både rampe ned til underetasjen og tilgjengeleg uteamfi.

GOD SKILTING som syner at det er teleslynge, vegen til handikapptoalett og alle andre sider ved bygget, er viktige for alle. Dette kan integrerast i utsmykkinga, slik at det ikkje vert skjemma, eller slik Frøyland og Orstad kyrkjelyd har gjort, med flyttbare tavler.

Handikapptoaletta må ha spegel som fungerer både for ståande og sitjande. I garderobane vil ei låg knaggrekkje i tillegg til dei høge vera til hjelp for rullestolbrukarar og ungar.

Dei tekniske innretningane og dei arkitektoniske løysningane blir stadig betre. Frøyland og Orstad kyrkje er eit levande eksempel på det. Men den viktigaste erfaringa frå arbeidet er at det må liggja ei open haldning til grunn. Då blir sjølv det umoglege mogleg.

Lyden er så flott
at ein skulle tru
han kjem ovanfrå.

Og det er nettopp
det han gjer.

■ Til skilnad frå andre kyrkjer er det ikkje mykje gjenklang å høyra i denne kyrkesalen. Den vanlege støyen er borte. Her herskar ei heilt sær eigen ro, og ein avdempa akustikk du knapt trudde var mogleg å få til i eit slikt rom. For hørselshemma og dei med høyreapparat er det som å koma inn i ei ny verd. Her er til og med teleslyngene lagde med kablar som ikkje skal gje dei ubehagelege signala. Eldre menneske har alt uttrykt si begeistring: "her høyrer me jo alt". Og lyden ber godt, klår og rein. Konsertane me har hatt her til nå, har vore eventyrlege kva gjeld lyd. Eller for å seia det med Hanne Krogh: "Dette er ein av dei beste salane eg har sunge i".

Det ligg mykje arbeid og teknikk bak. Lydmattene ligg tett bak dei perforerte veggane, og himlinga er forma som ei bølgjande havbåre. Nå er den rett nok i tre, men av det mest lyddempande slaget, bjørk som og er nytta i operaen i Sydney. Bjørka går òg igjen langs heile galleriet. Eit anna grep me gjorde, var å kle stolane med stoff.


Med alt dette som bakteppe kom me ikkje utanom eit godt lydanlegg. Fullt PA-lydsystem, som me kan tilpassa alle slags arrangement. Lyden vert styrt via eit miksebord oppe på galleriet. Herifrå kan ein i tillegg styra lys, prosjektorar og filmkamera som er plasserte rundt om i salen. Med direkte link til eit studio i underetasjen, kan ein laga eigne opptak med både lyd og bilete frå arrangementa oppe i kyrkesalen. Ute i foajeen kan ein òg følgja med via to storskjermar. Slik kan ein trekkja seg litt tilbake dersom ein har behov for det, og samstundes vera med på det som føregår inne i salen.



■ OMSYNET TIL VALFRIDOM

der hørselshemma kan sleppa å synleggjera funksjonshemminga si, gjorde at det vart lagt inn teleslynge heller enn mottakarar til å henga kring halsen, sjølv om det siste er ei betre teknisk løysing. Teleslynga fungerer utmerka i heile kyrkerommet. Tekstar projiserte på veggene gjer det òg lettare for hørselshemma å delta under gudsteneste.





Ei open rame kring livet.

I gode og vonde dagar.

■ Kyrkja vår har ein primærfunksjon. Den skal vera ein samlingsplass for folk i alle fasar av livet. Alterbiletet seier mykje om akkurat det. Det symboliserer livsvegen, der det er opp til den einskilde å konstruera sine egne vegar gjennom livet og opp mot himmelen.

Som følgesvein og vegvisar har me lagt kyrkja vår tilrette for alle, same kor ein står i livet. Til dømes er dåpen ein av dei store merkedagane for dei fleste. Her i kyrkja har me ordna det slik at alle får den moglegheita, enten dei er born eller vaksne. Dette er nemleg den fyrste kyrkja i Noreg med kombinert døpefont og dåpsbasseng. Dermed kan ungdom, vaksne eller dei som ynskjer å la seg døype i vaksen alder få vaska av seg syndene i bassenget. Bassenget er ein del av den kunstnariske utforminga, og er til og med utstyrt med lys under vassflata.

Utover det å vera ei alminneleg kyrkje, har me òg lagt vinn på å markera oss i andre samanhengar. Me vil vera opne, og me vil halda ope. Me vil at det skal skje ting, me vil ha liv og røre. Like mykje som det å vera ein konsertarena om kveldane, vil me vera ein møteplass. Gjerne til fest og hygge, gjerne til minnestunder og andre samkomer. I foajeen er det plass til 400 menneske. Ved matserving kan det dekkast til 200 personar. Og då kan ein attpå til laga maten sjølv i storkjøkkenet. Mykje av møblementet går på hjul, slik at det lett lar seg flytta rundt om. I kyrkjestova kan ein trekka seg litt meir tilbake for anna form for samvær. For dei litt meir uhøgtidelege arrangementa, har me rigga til ein eigen festsal i underetasjen, med plass til fleire hundre menneske.


I tida som kjem, har me mange store oppgåver framfor oss. Mellom anna har me fått hand om tomte bakanfor kyrkja. Der planlegg me nå gravplass med universell utforming med tilhøyrande prosesjonsveg. Så me er med – i gode og vonde dagar.

Lyset i kyrkjesalen er
eit meisterverk.
Likevel vil nok
mange seia
at dei viktigaste
lysberarane er dei
du kjenner,
føler og sansar.

■ Bladverket står sentralt i utsmykinga utandørs. Frå å vera blesne ut over parkeringsplassen, samlar dei seg til ei leielinje opp mot kyrkja. Dei er ikkje vanskelege å finna. Den som er van, kjenner dei under føtene. Ei bein linje med bladkledd fliser, kombinert med leilys. Heilt fram til kyrkjedøra, som er dekorert med det same bladverket. Innanfor glir det over i tekstlege element henta frå 1.kor. kap.13 (kjærleikskapittelet). Overgangen er mjuk og taktil. Så held det fram, gjennom kyrkjesalen, heilt fram til alteret, og vidare opp mot alterbiletet. Slik symboliserer det at kyrkja er ramma kring livet.

Dagslyset strøymer ned langs veggene og glir mjukt inn i kyrkjerommet, slik at det ikkje blir forstyrrende eller skarpt i augo på den som sit i salen eller står framme ved alteret. Frå begge sider av altertavla til Per Odd Aarrestad spelar lyset langs heile høgda, og forsterkar dramatikken og livet i dei mange detaljane. Ein ser alt og slepp å mysa. Lyset gjer samstundes at ein slappar betre av og preika får ein ekstra dimensjon. Slik har lyset bevisst fått ei dobbeltrolle - som funksjon og som stemningsskapar.

Dei kunstariske elementa er sterke i sitt språk, med klåre leieteikn for den som treng det. For andre er dei berre duse, nedtona utsmykkingar. Som dei små trappemarkeringane til dømes, med den same bølga som i himlinga, eller i form av ei due eller ein fisk. Eitt av dei mest særprega kunstverka finn du ute i foajeen. Det er to motiv henta frå skapingsforteljinga, då Gud gir namn til fuglar og dyr, med Adam på den eine sida, Eva på den andre. Verket er laga av Tor Lindrupsen, og støypt i eitt stykke betong er det ei teknisk nyvinning. Motiva er til å ta og føla på, og gjev ei sterk oppleving.



■ **DIREKTE MOTLYS** finst ikkje nokon stad i kyrkjerommet. Det er til god hjelp for svaksynte. Leielina har òg god kontrast til golvet rundt. For blinde kan likevel leielina vere ei utfordring, då ho manglar regularitet i mønstera eller spor som kan fylgjast med stokk. Leieline til toalett vart òg etterlyst. Dørene til HC toalettet og til kapellet skil seg ikkje ut frå veggene rundt. Det gjer dei vanskelegare å sjå for svaksynte. Skilta kunne òg hatt utheva tekst eller symbol.

Personalinngangen manglar førebels leieline, men det vil bli utbetra med bruk av knottstein blant beleggingssteinane.

Regelmessige golvflater og trappetrinn gjer det enklare å ta seg fram for blinde og svaksynte.

Merking av ulike nivå, til dømes trappemarkeringar og innsteg, er viktig både for svaksynte og andre med redusert djupnesyn. Her ville òg armlene på stolane vore med på å definere skiljet mellom midtgang og sete sterkare.

RESPEKT FOR KVARANDRE

sine fag, evna til å lytta til og å utfordra egne meiningar, var eit av suksesskriteria i prosjektet. Mange av utfordringane ville vore meir tidkrevjande og dyrare utan denne respekten.

At det var ei kyrkje som skulle byggjast, gjorde det kanskje enklare å vera audmjuk. Men erfaringane frå Frøyland og Orstad kyrkje syner at det er noko ein vil vinna mykje på å få til i alle byggeprosjekt.



ROGALAND FYLKESKOMMUNE

gav sin Tilgjengelighetspris for 2009 til Frøyland og Orstad kyrkje.

Tilgjengelighetsprisen vert delt ut til den enkeltpersonen, organisasjonen, verksemda, kommunen eller offentlege etaten som har gjort ein spesiell innsats for å betra tilgjenge for funksjonshemma.

Prisen består av eit diplom og ein sjekk på 20 000 kroner, og vart delt ut av fylkesordførar Tom Tvedt under Fylkestingsamlinga 8. desember 2009.

Grunngjevinga for tildelinga var blant anna:

– Frøyland og Orstad kyrkje har vist stor kreativitet og nytenking i dette prosjektet, og dei har fått ei god og praktisk løysing som innbyr til aktivitet og deltaking for alle, utan spesialløysingar. Konklusjonen er at universell utforming framstår som integrert i heilskapen.

Fylkesrådet for funksjonshemma er imponert slik kyrkja framstår og korleis kyrkjelyden, med prosjektleder Njaal Fykse i spissen, har møtt utfordringa med positiv innstilling.



Det er ikkje naudsynt å ropa det ut og laga så mykje støy.

Det beste er om det blir ein naturleg del av heilskapen.

- Du finn ingen utropsteikn i kyrkja vår. Ingen prangande ver varsam plakat, ingen piler og skrikande fargeband. Heller ingen omvegar eller synlege innretningar som set stempel. Ingen stengsel, ingen hinder. Ikkje for nokon. Dei som treng ei lita hand, finn ho. Ver sikker. Ser du det ikkje, vil du føla det. Høyrer du det ikkje, vil du kjenna det. Det ligg i golva, det sit i veggene og i taket. Frå parkeringsplassen ute, heilt inn i dei inste krokane. Det synlege, og det usynlege. Hand i hand. Måten me har klart å integrera det funksjonelle og det kunstnariske på har gitt kyrkja vår ein ny dimensjon. Visst er det ein ny måte å tenkja på. Men så er det nettopp det som er kjenneteiknar universell utforming.



Det gode samspelet vart sjela i byggjeprosessen

Då arkitektfirmaet Link-Signatur på Sandnes blei kontakta av kyrkjelyden på Frøyland og Orstad for å konkurrera om oppdraget med den nye kyrkja, vart det lagt fram tankar om eit kyrkjerom litt ulikt dei fleste andre. Amfi, døypebasseng og moglegheit for mange typar bruk, stod på ynskelista.

Arkitektane René de Groot og Erik Thesen la sjela i eit forslag dei kalla Kyrkjelandskap. Inspirasjonen var henta frå det langstrekte jærlandskapet.

Mange eldsjeler tok del i arbeidet, og den gode viljen og opne haldninga smitta. Sjølv om løysingane som er skapte både har ei praktisk og ei estetisk side, er det likevel dei positive haldningane til å lukkast som er fundamentet.

Bak denne brosjyra står Frøyland og Orstad kyrkjelyd, Husbanken, Klepp kommune og Time kommune.

Vil du vita meir om prosjektet, kontakt Time kommune v/ Anne Reidun Garpestad, Tlf: 51 77 60 00

Foto: Knut Bry/Tinagent